

Norske ekstremvêr

Ekstremvêr fører til store skadar på bygningar og infrastruktur også i Norge. I Klima 2050 har vi sett nærmare på norske ekstremvêrvarsel. I snitt har vi tre slike vêrhendingar i året, og oftast rammar ekstremvêret Trøndelag og Nordland. Sterk vind er dominerande årsak, men mykje nedbør er forventa å bli ein meir vanleg årsak i framtida.

Tore Kvande

Institutt for bygg- og miljøteknikk

Helga Therese Tilley Tajet

Meteorologisk institutt

Eit ekstremvêr er ei vêrhending som fører til fare for liv og verdiar. Ekstremvêrvarsel gjeld sterk vind, mykje nedbør (flomfare), høg vannstand (stormflo/høge bølger), stor snøskredfare eller kombinasjonar av dei fire. For at eit uvêr skal bli kalla ekstremvêr må det ramme eit større område, på storleik med eit fylke, og den vurderte effekten er så kraftig at det kan utgjere ein trussel mot liv og verdiar om ikkje myndighetene varslar slik at forholdsreglar kan bli tatt.

Det er Meteorologisk institutt som har ansvar for å melde ekstremvêr i Norge, noko dei har gjort sidan desember 1994. Ekstremvêrvarsel vart innført etter Nyttårsorkanen i 1991/92 som tiltak for å nå ansvarlege myndigheter, hovudredningsentralar og beredskapskontor.



SYNNE. Ekstremvêret Synne ramma Rogaland og Agder fylka med ekstreme nedbørmengder 6. - 7. desember 2015. Foto: Sem Hadland, Eigersund kommune.

Desember og januar fenomen

På dei 25 åra Meteorologisk institutt har varsla om ekstremvêr har vi hatt 76 slike vêrhendingar. Heile 43 av ekstremvêra treffe Norge i desember eller januar. Tidsrommet mars til og med september utmerkar seg med å vere ein roleg periode med totalt elleve ekstremvêr. Dei fleste varsla i den rolege perioden gjeld store nedbørmengder.

På dei 25 åra med ekstremvêrvarsel har vi ingen ekstremvêr registrert i april og juli.

Store fylkesvariasjonar

Av stolpediagrammet ser vi at Trøndelag og Nordland skil seg klart ut som dei fylka med flest ekstremvêr. Det er kategorien vind som dominerer, men nedbør og høg vannstand er også representert. Generelt gjeld at Vestlandet, Trøndelag og Nord-Norge er ofte ramma av sterk vind, medan nedbør dominerer som årsak til ekstremvêr på Austlandet.

Vind mest vanleg

Sterk vind er altså årsak til dei fleste ekstremvêrvarsla. 43 av varsla gjeld vind aleine. I tillegg har vi ti hendingar med vind i kombinasjon


med høg vannstand og ei hending i lag med mykje nedbør.

Så langt har vi ikkje hatt nokon ekstremvêrvarsel med årsak i snøskredfare. Til det har ikkje faren vore ekstrem nok for eit stort nok område.

Oftare nedbør

I løpet av 25 år har nedbør vore årsak til totalt tolv ekstremvêrvarsel. Av dei er sju frå dei siste fem åra. Det seier noko om at nedbør har vorte ein viktigare årsak til ekstremvêrhendingar.

Den kraftige intense bygenedbøren vi spesielt har rundt Oslofjorden og langs Sørlandskysten er for lokal og kortvarig til at den blir varsla som ekstremvêr. Slike korte og kraftige regnbyger kan gi omfattande skadar på infrastrukturen for overvatn og lokale oversvømmingar. Klimaforskarane varslar om auka utfordringar med denne type nedbør i åra som kjem på grunn av auke i både intensitet og frekvens. Utfordringane med nedbør gjer at kriteria for nedbørshendingar som varar over fleire døgn, og til dels kriteria for styrtregn vil bli oppdatert i framtida.



Ekstremvêrvarsel fordelt på fylke og type varsel.

Innfører fargekodar for ekstremvêr

For å lette kommunikasjonen vil Meteorologisk institutt i løpet av 2018 innføre fargekodar i staden for fasar i ekstremvêr. Dei nye varsla blir i samsvar med fargekodane som NVE lenge har operert med; gul, oransje og raud. Det gjer at ekstremvêr kan vere gult veka før, så oransje og deretter raudt dagen

før dei er sikre på at det blir eit ekstremvêr.

Cora

Sist ute av norske ekstremvêra var Cora, ein storm som treffe Møre og Romsdal, Trøndelag og Helgeland 7. januar i år. Eit heilt typisk ekstremvêr der altså; Sterk vind som treff Trøndelag i januar.